

## Høyringsvar Hyllestad kommune - forslag til å endre konsesjonslova, jordlova, odelslova

Det mest vanskelege med endringsframlegga er å sjå totaliteten og konsekvensane som summen av endringane gjev over tid. Fleire av endringsframlegga kan ha små konsekvensar på kort sikt, men over ein periode på til dømes 10-30 år kan konsekvensane og endringane i eigedomstilhøva verte store med framlegga til endringar. Det er mange endringar som alle har til føremål å skape fart i omsetjinga av jordbruksareal og landbrukseigedommar. Det ligg også i endringsframlegga at det skal bli enklare for ein grunneigar å få eigarskap til større areal. Med andre ord meir areal på færre hender. I første omgang kan det vere bra å gjere det lettare for den som driv jord også å eige den, men alt innan ei rimeleg grense. Sogn og Fjordane Bondelag ynskjer ikkje eit regelverk som oppnar opp for at arealet i heile bygder i teorien over tid kan bli eigd av ein person

Det kan vere på sin plass å minne om føremåla til både konsesjonslova og jordlova, der endringane kan gjere seg gjeldande:

### **Konsesjonslova:**

#### *§ 1. (lovens formål)*

*Loven har til formål å regulere og kontrollere omsetningen av fast eiendom for å oppnå et effektivt vern om landbrukets produksjonsarealer og slike eier- og bruksforhold som er mest gagnlige for samfunnet, bl.a. for å tilgodese:*

- 1. framtidige generasjoners behov.*
- 2. landbruksnæringen.*
- 3. behovet for utbyggingsgrunn.*
- 4. hensynet til miljøet, allmenne naturverninteresser og friluftinteresser.*
- 5. hensynet til bosettingen*

### **Jordlova:**

*Denne lova har til føremål å leggja tilhøva slik til rette at jordviddene i landet med skog og fjell og alt som høyrer til (arealressursane), kan verte brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket.*

*Arealressursane bør disponerast på ein måte som gir ein tenleg, variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området og med hovudvekt på omsynet til busetjing, arbeid og driftsmessig gode løysingar.*

*Ein samfunnsgagnleg bruk inneber at ein tek omsyn til at ressursane skal disponerast ut frå framtidige generasjonar sine behov. Forvaltninga av arealressursane skal vera miljøforsvarleg og mellom anna ta omsyn til vern om jordsmonnet som produksjonsfaktor og ta vare på areal og kulturlandskap som grunnlag for liv, helse og trivsel for menneske, dyr og planter.*

*Denne lova har til føremål å leggja tilhøva slik til rette at jordviddene i landet med skog og fjell og alt som høyrer til (arealressursane), kan verte brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket.*

*Arealressursane bør disponerast på ein måte som gir ein tenleg, variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området og med hovudvekt på omsynet til busetjing, arbeid og driftsmessig gode løysingar.*

*Ein samfunnsgagnleg bruk inneber at ein tek omsyn til at ressursane skal disponerast ut frå framtidige generasjonar sine behov. Forvaltninga av arealressursane skal vera miljøforsvarleg og mellom anna ta omsyn til vern om jordsmonnet som produksjonsfaktor og ta vare på areal og kulturlandskap som grunnlag for liv, helse og trivsel for menneske, dyr og planter.*

Etter vårt syn vil det vere sannsynleg i stor grad at mange av endringsforslaga over tid vil vere i motsetnad til føremålsparagrafane i dei to lovene. Hyllestad kommune ynskjer framleis eit personleg eigarskap til jord og skog!

- Jord og Skog må ikkje skiljast. Jord- og skogressursane er utfyllande ressursar for eigedommane i våre området og vi finn det unaturleg å skilje desse.
- Fem års leige/ eller pakting kan ikkje automatisk føre til konsesjonsfridom
- Hyllestad kommune meiner krav om skriftlege leigeavtalar er viktige og ynskjer å oppretthalde krav om tiårige leigeavtalar

Vi ser føre oss at endå fleire eigedommar utan krav til buplikt vil i endå sterkare grad enn i dag påverke til dømes beitebruk og gjerdehald. Vi fryktar også at stadig meir av utmarksressursar vil ha eigarar som ikkje bur i bygda. Noko som kan gje manglande forståing for landbruksdrift, og at den aktive bonden kjem i skvis mellom jaktinteressene og bonden sine interesser. Til dømes vil den som berre eig ynskje ein stor hjortestamme, medan eigaren som også driv aktivt landbruk vil ha ein redusert hjortestamme som ikkje beitar ned innmarka.

Hyllestad kommune ynskjer ikkje ei heving av grensa frå 25 dekar til 35 dekar.

Hyllestad kommune ynskjer fortsatt at det vert konsesjonsplikt og priskontroll på erverv av ubygdde eigedommar med full- og overflatedyrka jord inntil 35 dekar. Vi ønskjer framhald av dagens regelverk og det er ikkje ønskjeleg å endre arealgrensene av jord og skog. . å halde på dagens regelverk og ser ikkje nokon grunn til å endre arealgrensene og jord og skog må ikkje skiljast.

Hyllestad kommune støttar Norges Bondelag sitt forslag om ei viss lemping for sal til av areal til naboeigedom i aktiv drift, men det må vere ei avgrensing når det gjeld storleik. Viss ikkje kan det bli situasjonar over tid der ein grunneigar sit med eigedomsretten til det meste av arealet i ei bygd. Det er ikkje ønskjeleg.

Skal dette vere med konsesjonsfritt kjøp av jord aktuelt er 5 år altfor kort tid. Det må minimum vere eit skriftlege leigetilhøve som har vart i 10 år. Det må vere eit krav at alt arealet er i aktiv landbruksdrift i heile leigetida og på det tidspunktet det vert overdrege. Hyllestad kommune ynskjer også at det vert sett krav til maksimal avstand frå driftssenter til kjøpar. For den aktive bonden er det ein fordel å eige av omsyn til å kunne drive jorda på best mogleg vis. Samstundes tener det ingen at ein person eig jord i mange ulike bygder. Det må vere avgrensingar som sikrar fornuftige driftseiningar der den personlege eigarskapen vert teken i vare.

Ein person som til dømes driv med 5 dekar bringebær bør til liks med ein som driv med grasdyrking på egne 50 dekar og 150 leigde dekar kunne vere i same posisjon til kjøp av tilleggsjord om sjansen byr seg. I mange tilfelle er det personen som er viktigare enn tal dekar.

I utgangspunktet er det positivt med ein enklare saksgang for å kunne skilje frå ei tomt på uproduktivt areal. På den andre sida ser ein utfordringar som kan kome ettersom åra går og dei familiære banda mellom kjøpar av tomta og eigar av gardsbruket vert utvatna. Det må ved plassering av tomtene takast omsyn til at det ikkje skal gje driftsulemper for gardbrukaren på sikt.

Hyllestad kommune ynskjer langsiktige vilkår for den aktive bonden, og ynskjer sterkt å halde på krav om 10 årige skriftlege leigeavtalar som grunnregelen. Krav om skriftlege avtalar må skjerpast inn. Når det gjeld produksjon av grønsaker må det kunne handterast med eit unntak for plantar som krev hyppig vekstskifte.

Det er framlegg om å fjerne kravet til driftsmessig gode løysingar ved leie av jord og at leigejord ikkje behøver å vere tilleggsareal, men kan vere sjølvstendig drift. Driftsmessig må gode løysingar må ligge i botn. Hyllestad kommune ynskjer ikkje å opne opp for eiga sjølvstendig drift berre basert på leigeareal.